



Tore Gjerstad
Maråsvegen 258
5955 Lindås

Referanser:
Dykkar:
Vår: 22/8102 - 22/85043

Saksbehandlar:
Øystein Hafnor Kolstad
oystein.hafnor.kolstad@alver.kommune.
no

Dato:
08.11.2022

Varsel om arealkontroll etter mottatt søknad om produksjonstilskot

Alver kommune v/landbrukskontoret visar til føretaket sin søknad om produksjons -og avløysartilskot i jordbruket i mars og oktober 2022.

I følge § 10 i Forskrift om produksjonstilskot, skal kommunen kontrollere at utbetaling av produksjonstilskot til aktuelle føretak er korrekt. Føremålet er å sikre at opplysningane i søknaden dannar rett grunnlag for utrekning av tilskot, og at tilskotet vert nytta til aktiv jordbruksproduksjon.

Rundskriv 2022 - 63 punkt 5, seier at minst 10 % av søkjarane i kommunen skal kontrollerast kvart år.

Forvaltningslova § 15, gjev reglar for korleis kontrollen skal gjennomførast, **og vi melder med dette at ditt føretaket er valt ut til kontroll etter gjeldande søknadsomgang.**

Då føretaket ditt hadde feilemelding angående fulldyrka areal på gbnr 92/3 som er delt med eit anna føretak etter endringsfristen 29 oktober vil kommunen utføra kontroll av omsøkt areal.

Kontrollen vil omhandla:

- **Stadleg kontroll i felt på gbnr 92/3 for begge føretak for å avklara kva areal som er brukt og av kven.**

Planlagd tidspunkt for kontroll er tysdag 29 november 2022 kl 11.00.

Vennligst gi beskjed om dette ikkje passar.

Føremålet med kontroll er at den skal virka skjerpande og rettleiande for føretaket. Dette for å sikra at rette opplysningar vert ført i søknadsskjema og bonden får utbetalt det tilskotet ein har rett på.

De har rett til å klage over avgjerda om å gjennomføre kontroll av føretaket sin søknad. Klagen kan vere munnleg eller skriftleg, men må fremjast straks, og seinast innan tre virkedagar frå mottatt varsling.

Ved spørsmål til kontrollen, kan du kontakta underteikna eller dei andre på landbrukskontoret på 56 37 50 00.

Epost: oystein.hafnor.kolstad@alver.kommune.no

Med vennleg helsing
Alver kommune, Landbruk

Øystein Hafnor Kolstad
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Varsel dokumentkontroll husdyrtilskot 2022

Mottakarar:

Tore Gjerstad
Tore Gjerstad

Maråsvegen 258

5955 Lindås